GRUNNSKULEPLAN
for Vågå kommune
2020-2023

Norsk grunnskule er i stor grad styrt av sentrale styresmakter gjennom **lov, forskrifter og rundskriv.** Ofte er det departementet som gjennom Stortingsmeldingar orienterer Stortinget om ulike sider ved m.a. grunnopplæringa, og rår til lovendringar og andre tiltak som Stortinget sluttar seg til med eller utan endringar.

Stortinget
Lovverket og løyvingar

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for utviklinga av grunnskule og vidaregåande opplæring. Utdanningsdirektoratet er Kunnskapsdepartementet sitt utøvande organ, og har eit overordna fagleg ansvar for tilsyn med opplæringa og forvaltninga av embetsstyringa gjennom Fylkesmannen, sentrale lover og forskrifter.

Statleg utdanningsadministrasjon
Kunnskapsdepartementet
Utdanningsdirektoratet

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for utarbeiding av **læreplanar** i alle fag, alle avgangsprøver, **kartleggingsprøver, nasjonale prøver, elevundersøkingar og eksamenar** i både grunnskule og vidaregåande skule. Direktoratet utarbeider årleg tilstandsrapport om grunnopplæringa.

Fylkesmannsembetet

Fylkemannen utøver det **statlege tilsynet** overfor skuleeigar for å kontrollere at skuleeigar driv forsvarleg og lovleg og i samsvar med statlege styringsdokument. I tillegg utøver også Fylkesmannen rettleiing og kompetanseutvikling på fleire område i dialog med skuleeigar.

Kommunen
som skuleeigar

Kommunen er gjennom § 20-1 i Plan- og bygningslov pålagt å samordne handlingsprogram for verksemda i sektorane dei nærmaste åra. **Grunnskuleplanen** er ein del av den kortsiktige delen av kommuneplanen og fortel om lokale prioriteringar og tiltak (handlingsplan) i komande fireårsperiode. Den er bygt opp kring dei same prinsippa som **Samfunnsdelen** *i Kommuneplan 2017-2027*: ein god start i livet, tidleg innsats, godt samarbeid mellom heim og skule og fokus på læring og mestring hjå kvar enkelte elev.

Visjon, verdiar og prinsipp for grunnskulen i Vågå 2020-2023

Hovudvisjon :

Livsmestring og læringsglede gjennom kreativitet, varierte læremetodar og trygt og godt skulemiljø

Vågåskulen sitt verdigrunnlag

Elevane i grunnskulen i Vågå

- ***Skal få undervisning som utviklar heile mennesket***
- ***Skal tileigne seg kompetanse og ferdigheiter, som gjer dei førebudde til livet/framtida og slik at dei opplever livsmestring.***
- ***Skal få tilpassa opplæring, samt ha medverknad på innhald og arbeidsmåtar***
- ***Skal bli møtt med, og vise andre respekt og omtanke***
- ***Skal få vera i eit positivt skulemiljø, prega av at vaksne og barn bryr seg om kvarandre***

Prinsipp for læring, utvikling og danning

Utvikle heile mennesket gjennom varierte undervisningsmetodar

Legge til rette for ein skulekvardag som inneheld kreativitet, dybdelæring, praktisk retta læring, skaparglede, engasjement, utforskartrang, læring gjennom fysisk aktivitet, samarbeid og motivasjon.	lærarar rektor elevrådet
1.og 2. årssteg skal i særskilt grad lære gjennom leik, fysisk aktivitet og bruk av sansar.	rektor lærarar
Kvar skule skal leggje til rette for fysisk aktivitet minst ein halvtime kvar dag. Kan gjerast i fag som ein del av undervisninga.	rektor lærarar
Alle skulane skal følgje den lokale læreplanen for uteskule og friluftsliv	skuleeigar rektor lærarar
Elevane skal tileigne seg sosial kompetanse gjennom samarbeid. Ha fokus på godt læringsmiljø.	rektor lærarane
Legge til rette for god opplæring i digital kompetanse gjennom bruk av IKT i opplæringa.	skuleeigar rektor lærarane

Ha fokus på tidleg innsats

Tiltak og ressursar blir i størst mogleg grad sett inn tidleg i utdanningsløpet, det vil seie småskulesteget, og ellers så tidleg som nødvendig etter avdekking av behov.	kommunalsjef rektor
Ha fokus på å styrke den generelle basisopplæringa m.a. gjennom klasselesekurs og reknekurs. Kjøre intensive lesekurs for elevar med behov.	rektor lærarar
Ha gode rutinar for mottak av, form, innhald og organisering for minoritetsspråklege elevar. Dei minoritetsspråklege elevane skal ha norskopplæring etter eiga læreplan. Det er viktig at det er ressursar til å løyse dette, uavhengig av kva tid dei kjem i løpet av skuleåret. Skulane må sikre at dei har lærarar med kompetanse for denne typen språkopplæring.	kommunalsjef rektor
Elevane får opplæring gjennom bruk av varierte undervisningsmetodar.	rektor lærarane
Alle skulane skal følgje plan for overgangsrutinar i Vågå	rektor
Alle skulane skal ha helsesjukepleiar med fast kontortid på skulane og elevane skal ha tilgang på helsesjukepleiar når dei har behov for det.	rektor helsesjukepleiar
Vi skal ha eit lag rundt våre elevar med gode rutinar og system for å ta vare på det psykososiale miljøet og ha fokus på deira livsmestring.	kommunalsjef rektor lærarar helsestasjon

Prinsipp for Vågåskulen sin praksis

Ha forpliktande samarbeid mellom heim og skule

Følgje årshjulet for medverknad; ha foreldreutval og rutinar for samarbeid.	rektor FAU
«Foreldreskule»- danne nettverk for elevar og foreldre alt frå 1. steg, og avklare forventningar mellom skule og heim.	rektor føresette
Foreldre og heim skal syne positiv interesse overfor skulearbeidet til elevane. Når dei har spørsmål eller synspunkt på arbeidet ved skulen, tek dei dette opp med skulen, foreldrerepresentant eller FAU.	heim, rektor FAU
Gjennomføre brukarundersøking og drøfte i aktuelle organ.	rektor

God kompetanse

Nytilsette og nyutdanna lærarar skal ha tilbod om rettleiing dei to fyrste åra dei er tilsett i yrket.	kommunalsjef rektor
Legge til rette for vidareutdanning for å sikre nødvending kompetanse i skulen og kollektiv kompetanseheving.	skuleeigar rektor
Ha fokus på å sikre nødvendig kompetanse i skulen jamfør kompetansekrava av 01.08.2015 som får full verknad frå 1.8.2025.	skuleeigar rektor

Skuleeigar skal ha god kjennskap til grunnskulen som grunnlag for sine val og prioriteringar som gjeld grunnskulen i Vågå

Kommunestyret får ei årleg orientering om status for grunnskulen gjennom framlegging av tilstandsrapporten.	ordførar kommunalsjef
HOKO får årlege orienteringar om fagleg nivå gjennom nasjonale prøver, kartleggingsprøver, eksamensresultat og grunnskulepoeng.	kommunalsjef
Det blir gjennomført møte med HOKO, HTV Utdanningsforbundet, representant frå FAU, 2 representantar frå elevrådet på u-skulen og representant frå ungdomsrådet med gjennomgang av den årlege tilstandsrapporten for Vågåskulen.	HOKO-leiar kommunalsjef
Det skal vera eit årleg dialogmøte der rektorane møter HOKO.	HOKO-leiar kommunalsjef